

HANDTERING AV NETTRELATERTE SEKSUELLE OVERGREP



FOTO: MATTIS FOLKESTAD/NRK (ILLUSTRASJON)

Scandic Parken, Ålesund 23.01.2020

Påmelding innan 1. desember 2019

Vi inviterer: *Leiarar og tenesteytarar i kommunen, tilsette i skulen og dag/aktivitetstilbod. Fastlegar, helsesjukepleiarar, studentar, 2. linjetenester, brukarorganisasjonar og andre interesserte.*

Program

- 0900-0930 **Registrering og kaffi**
- 0930-0945 **Velkommen**
v/Frode Skjelstad, leiar NFSS.
- 0945-1015 **Prosedyre ved melding av seksuelle overgrep mot menneske med utviklingshemming**
v/*Inger-Marie Ulla Jørgensen, Spesialisert habilitering Sunnmøre*
- 1015-1030 **Pause**
- 1030-1200 **Tilrettelagt avhøyr av menneske med utviklingshemming**
v/*Rolf-Arne Sæthre, KRIPOS*
- 1200-1300 **Lunsj**
- 1300-1400 **Etterforsking - Politiet sitt arbeid i saker med særleg sårbare vaksne**
v/*Etterforskar Solveig Otterlei Bunes og jurist Maria Vike Nørve, politiet*
- 1400-1415 **Kaffipause**
- 1415-1445 **Forsvarlege tenester - Retten til å ha eit seksualliv versus avverje av overgrep**
v/*Eilin Reinaas, Fylkesmannen i Møre og Romsdal*
- 1445-1615 **Korleis handtere internettrelatert seksuell kontakt via sosiale media. Som pasient og som tenesteyter?**
v/*Svein Øverland, BRØSET*
- 1615-1630 **Oppsummering og avslutning**

Forelesarar:

Frode Skjelstad

Konstituert seksjonsleder, Spesialisert habilitering Sunnmøre.

Leder NFSS (Nettverk: Funksjonshemmede, seksualitet og samliv). Skjelstad er vernepleier og har lang erfaring frå Habiliteringstenesta i Nord Trøndelag.

Har vore i styret i NFSS siste tre år, to av dei som leiar.

Inger Marie Jørgensen

Inger-Marie er spesialpedagog ved Seksjon for Spesialisert habilitering, Sunnmøre. Ho har i 2018-19 tatt vidareutdanningane seksuell helse og seksualitetsundervisning, sexologi og funksjonshemming. I den forbindelse har ho sett på habiliteringstenesta sine varslingsrutiner ved mistanke om seksuelle overgrep mot, eller utført av, menneske med utviklingshemming.

Rolf -Arne Sætre

Politioverbetjent ved Seksjon for seksuallovbrot, KRIPOS

Rolf-Arne Sætre har lang erfaring med etterforsking av seksuallovbrot og tar til dagleg både tilrettelagte avhøyr av barn og vaksne med utviklingshemming. Korleis legge til rette avhøyr slik at personar med ulike grader av utviklingshemming kan vere avhøyrbare?

Solveig Otterlei Bunes

Politioverbetjent med arbeidsplass i Ålesund. Etterforskar i eit distriktovergripande team som etterforskar grov vald, drap og seksuelle overgrep mot barn og vaksne. Tilleggsoppgåve som avhøyrer ved statens barnehus.

Maria Vike Nørve

Politiadvokat og fagansvarlig for grov vald og seksuelle overgrep i Møre og Romsdal politidistrikt.

Eilin Reinaas

Eilin Reinaas er jurist og arbeider som seniorrådgivar hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Eilin er jurist med spesialfag helserett og har arbeida hos Fylkesmannen sidan 2010. Ho arbeider mellom anna med klage- og tilsynssaker knytt til helse- og omsorgstenestelova.

Svein Øverland

Svein Øverland er leiar av Seksjon for nasjonale rettspsykiatriske funksjoner og rådgivar for forvaringsavdelinga i Trondheim fengsel. Han har arbeida med personer med alvorlege personligdomsforstyringar, ustabilitet og lovbrøt i mange år. Svein er utdanna barnepsykolog og rettspsykolog.

Om konferansen

Menneske med utviklingshemming utgjør ei særlig risikogruppe knytt til seksuelle overgrep. Trass dette er det få overgrepssaker som blir meldt til politiet. Vi som arrangerer konferansen har erfart at dette er saker som er utfordrande å identifisere, stå i og handtere. Bufdir har utarbeida retningslinja «handtering av seksuelle overgrep mot vaksne med utviklingshemming». Desse retningslinjene rettar seg primært til deg som arbeider med vaksne personar med utviklingshemming. Retningslinjene er også aktuelle for fagpersonar og studentar på helse- og sosialfaglige linjer.

https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Retningslinjer_seksuelle_overgrep_utviklingshemmede/

Konferansen er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Politiet/Statens barnehus, Seksjon for spesialisert habilitering, Sunnmøre og Seksjon for spesialisert habilitering Nordmøre og Romsdal.

Påmelding

Påmelding innan 1. desember 2019

Deltager.no:

<https://www.deltager.no/participant/arrangement.aspx?id=294141&hash=1C4DAFE4DDBEA7D995F973A20CBA2654#init>

Deltakarar frå Helse Møre og Romsdal melder seg på Læringsportalen HMR

<https://kurs.helse-midt.no/Sider/Handtering-av-nettrelaterte-seksuelle-overgrep.aspx>

(krever innlogging)

Dagpakke som dekker materiell, lunsj, kaffi og pausemat: kr. 650,-

Spørsmål om konferansen kan rettast til:

Mildrid.Hoff@politiet.no

Inger-marie.ulla.jorgensen@helse-mr.no

Velkommen!

